

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lenvik

Emne: Ting til lækjadom og vern

Bygdelag: Seøja

Oppskr. av: Paul M. Steiro

Gard: Gibostad

(adresse): G i b o s t a d

G.nr. 84 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og einskilde andre.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ja, mot gikt.
2. Vanleg glatt ring av kopper.
3. Av folk som brukte dei. Dels vart dei kjøpt og dels lånt frå ein som hadde brukt dei og trudde dei hjalp.
4. Nei
5. Ja, her har vore i bruk større ringer av kopper til bruk rundt bein og særleg rundt arm. Dei skulde verne mot gikt.
6. til og med 13 er ukjendte her.
14. Ja, eg har sett det på gamle folk for 40-50 år sidan.
15. Øyreringen var rund og såg ut som den skulle vera av guld, men det kunde også vera kopper og messing. Den gjekk gjennom øyret.
16. Dei som eg såg hadde ring i begge øyrane.
17. til og med 20 kan eg ikkje segje noe om.
21. Eg har sett at menn hadde ei kopperplate hengende på ryggen etter ein tråd om halsen.
22. Nei, men dei var nytta mot gikt.